



Anders Konglevoll
Konglevoll 19
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1746 - 17/31098

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
30.10.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 54/1 Konglevoll.

Dokument:

Søknad med kostnadsoverslag og kart. Søknaden kom inn 1.juni 2017.

Søknaden:

Søknaden gjeld tilskot til å sette opp gjerde mellom Hetlehovde og Træland. «Konglevoll gard vert i dag drive som eit beitebruk. Me har ca.600 sau og lam på beite og bridreg difor til å halde ope eit stort kulturlandskap. Me er heilt avhengig av skikkelege gjerder for å kunne drive heilårs beiting. Trondhjemske postveg går gjennom området.»

Det skal settast opp 750 meter gjerde. Kostnadsoverslaget er på kr.84375,-. Summen er inkludert moms. Det vert søkt om kr.45000,- i tilskot.

Vurdering:

Tiltaket fell inn under prioriterte tiltak – kulturlandskapstiltak.

Tilskotsgrunnlaget slik det er sett opp i tiltaksstrategien for korleis kommunen vil nytte SMIL-midlane, er kr.80 pr. meter gjerde. Moms er ikkje med i tilskotsgrunnlaget.

Med desse føresetnadane kan ein godkjenne kr.60000,- som kostnadsoverslag

Maks tildelt tilskot er 50% av godkjend kostand. Kommunen løyver kr.30000,- i tilskot.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 30.000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2018.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :



- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 3632 08 04609 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:

Mottakarar:

Anders Konglevoll

Konglevoll 19

5956

HUNDVIN